

Hei, du som er 4-åring i Oгна kyrkje

Tenk så stor du er blitt! 4år, anten no eller snart; det er ikkje verst.
Har du lyst til å koma til kyrkja og få din eigen barnebibel?

Lørdag 20. september, kl 11:00 møtes me i Oгна kyrkje for å verta litt
betre kjent med kvarandre, høyre om Jesus og kose oss saman med
ein kjekk aktivitet som handler om sauer.

Dagen etterpå, søndag 21. september kl. 11:00, vert det
familiegudsteneste med utdeling av "Bibelen for barn" til alle
4-åringane

Påmelding på www.ognakyrkje.no
Velkommen til Oгна kyrkje! Gler oss til å treffa deg!

- Meir informasjon til foreldre/føresette på baksida.



Labyrint

Krølle har gått seg
bort. Kan du
hjelpe ho å finne
vegen tilbake til
flokken?



DEN NORSKE KYRKJA
Oгна Kyrkje

Til foreldre/føresette

Utdeling av 4-årsbok har lange tradisjonar i Den norske kyrkje. Kanskje du som forelder/føresett fekk 4-årsbok sjølv? Kanskje du har den ennå? I Ogn kyrkjelyd deler me ut «Bibelen for barn». Dette er ei fargerik bok, med enkel tekst og spanande forteljingar frå Bibelen.

Utdeling skje på familiegudstenesta sundag 21. september kl. 11:00, i Ogn kyrkje. Inviter gjerne med besteforeldre, sysken, tantar, onklar, fadrar og andre denne sundagen.

Lørdag 20. september kl. 11:00 har me samling i kyrkja, med song, forteljing og ein liten formingsaktivitet saman med barna. Dette er ei kjekk samling som varer i underkant av 1,5 time, og me ynskjer at barnet er i følgje med ein vaksen. Dersom de som foreldre/føresette ikkje kan følgja barnet på lørdagen og/eller sundagen, er dette ei flott anledning til å be ein av fadrane til barnet om å følgja.



For at me skal ha oversikt over kor mange barn som kjem på samlinga, er det fint om de kan melda på barnet innan sundag 14. september.

For å melde på barnet, går de inn på www.ognakyrkje.no. Der finn de ein artikkel om utdeling av 4-årsbok. Når de klikker inn på den, vil de finne lenka til påmeldingsskjemaet. Hugs å få med eventuelle allergiar eller andre ting me godt kan veta om for å leggja best mogleg til rette for dykkar barn.

Har de spørsmål, ta gjerne kontakt med meg på mail: ingeborg.loge.holland@hakyrkja.no eller mob: 410 86 089.

P.S. 4-årsboka er open for alle som er 4 år i år, anten ein er medlem av Den norske kyrkja eller ikkje. Inviter gjerne med barnet ditt sine venner til samlingane. Hugs påmelding.

Med helsing
Ingeborg Løge Hølland
Kyrkjelydspedagog, Ogn sokn